

Styremøte

Tid: 27. mars 2008, kl 19:00
Stad: Angedalsvegen 30, Førde
Tilstades: Marius Dalin, Rune Berge, Leif Laache, Sissel Strømmen og Guttorm Kleppe
Skrivar: Sissel Strømmen

Sak 1/08 Det nye styret presenterar seg. Kva vil vi i 2008? Har dei avtroppande styremedlemmane nokre erfaringar som vi kan dra nytte av?

Runde rundt bordet med presentasjon av styremedlemmane; erfaringar, ambisjonar og ev. ønskje for året 2008.

Innspel:

Aktuelt med padling på Båtmessa i Florø? Ønskje om turar.

Torsdagspadling - oppfordre dei som har ansvaret på torsdagspadlinga til å leggje inn litt teknikkøvingar. Øve på ulike padleteknikkar. Gjerne avslutte med bading

Bassengtrening - kanskje klubben bør invitere til ein bassengdag der vi legg til rette for kameratredning/øving mm. Kan vere ein fin måte å rekruttere nye medlemmar og nye padlarar.

Demonstrere Polopadling på for eksempel Sandendagen i Naustdal.

Sak 2/08 Referatsaker

Rune har søkt Førde kommune om støtte.

Marius har invitert fleire ulike forhandlarar til å komme til Førde for å hande demodag. Dei fleste har vore som er positive til å komme. Første dag vert i april.

Sak 3/08 Godkjenning av referat frå styremøte og årsmøte

Referat styremøte og Årsmøte vart godkjent med dei endringar som er kome inn.

Sak 4/08 Planlegging av sesongen

1. Samling/temaleiar for torsdagsansvarlige, førstehjelpskveld og navigasjon

Samling for torsdagsansvarlige:

- a. Vi tek gjennomgong for torsdagsansvarlige torsdag 10. april kl 18:00 i Naustet.
Guttorm tek ansvar for gjennomgangen.
Guttorm sender ut liste over dei som skal ha ansvar for torsdagspadlinga
Rune/Marius sender ut SMS/mail til aktuelle deltakarar. Ein må kle seg godt!

Navigasjon:

- a. Rune tek denne bolken.
- b. Rune finn ein dag og sender ut melding

Førstehjelp:

- a. Marius tek ansvar for denne bolken.
- b. Han tek kontakt med Roald og Heidi for å høyre om dei kan bidra med noko

2. Hav: Torsdagspadlingar, trening tysdagane(?), turar

- a. **Torsdagsansvarlig:** Guttorm har sett opp forslag på Torsdagsansvarlige. Han sender ut lista for gjennomgang av styret.
- b. **Tysdagspadling:** prøve å få i gong litt meir treningspadling tysdagane. Det er ei gruppe som ønskjer å padle tysdagane. Dette vert ikkje organisert noko utover at dei som ønskjer tek kontakt med kvarandre
- c. **Turar:**
 - i. **Nærøyane - Sissel tek ansvar for å setje opp denne turen August**
 - ii. **Solund - Rune tek ansvaret for å arrangere tur i Solund i september**
 - iii. **Demodagar:**
 1. Innspel: kan vi ha ein demodag på kano?
 2. Første dag vert 3. april med Ronny frå God tur
 3. "Bølgen og meg" er positive til å komme til Førde
<http://www.bolgenogmeg.com>

3. Elv: Kursing, utstyr, turar, faste treningar, satsing framover.

- a. **Utstyr:** Guttorm tek ansvar for innkjøp av kajakk/utstyr
- b. **Faste treningar:** Guttorm ser ikkje for seg noko fast dag no i starten. Det blir meir på SMS/e-post avtalar. Han er innstilt på å ta med seg ev. nybyrjarar som ønskjer å prøve.
- c. **Kursing:** Guttorm er innstilt på å byrje på kursstigen for Elv. Ole-Jakob Sande er og har ytra ønskje om å ta Aktivitetsleiar.
- d. Kontaktinformasjon på heimesida må oppdaterast.

4. Polo: Innkjøp, korleis komme i gang. Søke Førdehuset om tider kvar 14. dag frå oktober?? Samarbeid med Svømmegruppa, Langrennsgruppa m.fl.?

- a. Marius er villig til å ta ein del ansvar for Polo.
- b. Marius har vore i kontakt med NPF vedr. polo. Dei har tilbydd seg å kome oppover til vestlandet for halde eit introkurs. Det kan vere eit alternativ å få dei hit til Førde
- c. Marius tek kontakt med Førdehuset
- d. Vi kan ta kontakt med leiar i Svømmegruppa, Sissel Laache for å høyre om det er aktuelt å få bytte tider med dei
- e. **Bassengtrening:** vi satsar på å ha bassengtrening nokre helgar framover. Guttorm tek initiativ til reservering av bassenget mm.

Sak 5/08 Kurs, økonomisk og juridisk ansvar og kompensasjon til klubb og kursholder
Diskusjon, viser til vedtak på årsmøtet.

Rune har sett opp følgjande kursplan.

	DATO	KURSTYPE	STAD	
April	12.- 13.	Nybegynnarkurs	Naustdal	Lø/Sø
	26.- 27.	Nybegynnarkurs	Naustdal/Askvoll/Florø	Lø/Sø
Mai	9.- 12.	Turkurs/Utvida teknikkurs	Stavang	Fre - Må
	5.- 7.	Nybegynnar	Førde	Må/Ty/On - Ettermiddagskurs
Juni	7.- 8.	Nybegynnar		Lø/Sø
Juli	10.- 13.	Turkurs/Utvida teknikkurs	Atløy	To - Sø
	24.- 27.	Turkurs/Utvida teknikkurs	Stavang	To - Sø

Vedtak:

SKK ønskjer å fristille seg heilt i forhold til kommersielle aktørar som ønskjer å halde kurs i Førde/omegn. Vi vil ikkje stille med noko annonsegaranti jmf. Årsmøtesak. Aktørane kan få leggje ut informasjon om kurs på SKK si heimeside. Styre vedtok at kurshaldara ikkje treng betale noko til SKK per kurselev. Der det tidlegare var vanleg med 100,- per kurselev.

Diskusjon vedr. prising for utleige av kajakkbasen. Det er semje om at ein må differensiere prisane for ideelle organisasjonar og kommersiell bruk til for eksempel kursverksemd.

Vedtak:

Styret vedtok følgjande prisar for utleige av kajakkar:

	Idealistisk bruk	Kommersiell bruk
Døgnpris: kajakk m padleåre spruttrekk og vest	70,-	300,-
Kveldspris for aktivitetssleiarar i klubben som kjører introkurs.	50,-	

Vi må utarbeide eit standardskjema til bruk ved utleige av kajakkane.
Ansvar: Sissel

Sjekkliste for utfylling - ved utlevering og innlevering av tilhengjar
Ansvar: Guttorm

Sak 6/08 Gjennomgang av budsjett/prognose og justering ihht sesongplanlegginga
Sak utsett til neste styremøte

Sak 7/08 HMS/IK-arbeid. Status og framdrift.
Sak utsett til neste styremøte

Sak 8/08 Eventuelt

Orientering:

Heimesida - er oppdatert med nytt styre. Kristian vil ut av sida. Rune tek over hans arbeid.

Stempel med logo: Rune ønskjer å kjøpe inn eit stempel til klubben. Styre vedtok at Rune kunne kjøpe eit stempel.

Førde 27. mars 2008

Sissel Strømmen
- skriver-